

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: 202410754-2
Vår ref: 2025/204657
Dato: 01.10.2025

Uttale til høyring av søknad om uttak av grunnvatn i Ørsta kommune

Mattilsynet mottok 21. august 2025 ein søknad om uttak av grunnvatn i Mølmannsdalen i nedre del av Ådalen i Ørsta kommune, til høyring. Fristen for å kome med uttale er 17. oktober 2025.

Rolla til Mattilsynet

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for områda planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans har vi i oppgåve å bidra til å vareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltingsområde.

Bakgrunn

VD Eiendom Vartdal AS, har søkt NVE, om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn. VD Eiendom Vartdal AS søker om løyve til å ta ut inntil 15 l/s grunnvatn i periodar opptil 4 månader per år. Vatnet skal nyttast til kjølevatn i plastproduksjon og skal i tillegg fungere som reservevatn for Vartdal vassverk. VD Eiendom har sidan 2021 hatt konsesjon til uttak av same mengde grunnvatn frå to lausmassebrønner på Vartdalsstranda ved utløpet til Storelva/Nordre Vartdalselva, men det er problematisk at desse er påverka av brakkvatn. Dei søker difor om løyve til uttak av grunnvatn frå ein ny produksjonsbønn som er ca. 250 meter lenger opp i dalen. Den nye grunnvassførekomsten har tilfredsstillande vasskvalitet, og ligg på eit jorde mellom Storelva og Årskogvegen.

Mattilsynet sine innspel til motteken høyring

Mattilsynet støttar VD Eiendom Vartdal AS i planane om å betre reservevassforsyninga til Vartdal vassverk. Det private vassverket vil betre oppfylle krava i *Forskrift om vannforsyning og drikkevann*

(drikkevassforskrifta). Vassverket vil vere betre rusta til å møte utfordringar i tida framover, som klimaendringar og samfunnstryggleik og beredskap. Justis- og beredskapsdepartementet har peikt ut drikkevassforsyning som kritisk infrastruktur. Vartdal vassverk må ha beredskap for å sikre forsyninga av eit minimumskvantum drikkevatt, uansett kva hendingar som måtte inntreffe.

Vi har ikkje motteke opplysningar om prøvepumping og om det er utført analysar som viser vasskvalitet, eller om kjelda har god nok kapasitet til å kunne fungere som reservekjelde til Nordre Vartdal vassverk. Dette er ei føresetnad for å kunne etablere reservevassforsyning.

Tiltaket ser ikkje ut til å påverke annan registrert vassforsyning i området negativt.

Med helsing

Mattilsynet

Marianne Løseth Høydalsvik
seniorinspektør

Ivar Eiken
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved